



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Heradshuset
Dato: 05.09.2018
Tidspunkt: 15:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Kari Marie Nygard tlf.mob. 916 64 183 eller til Hogne Haktorson, tlf.mob 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Boris Groth
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 35/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 36/18	Godkjenning av møteprotokoll fra forrige møte		
PS 37/18	Orienteringssak om oppfølgingsarbeid etter forvaltningsrevisjon av kvalitet i pleie og omsorgstenesta		2017/24
PS 38/18	Rådmann orienterer om arbeid med tilrettelegging for ny personvernlov		2018/17
PS 39/18	Budsjett for 2019 for kontroll- og tilsynsarbeid i Vaksdal kommune		2017/58
PS 40/18	Milepælsorientering forvaltningsrevisjon av sakshandsaming, arkivering og journalføring		2017/105
PS 41/18	Kurs i regi av Deloitte		2017/71
PS 42/18	Referatsaker		
RS 6/18	Budsjettbrev fra Fylkesmannen i Hordaland til Vaksdal kommune		2017/28
RS 7/18	Vedtaksbrev vedr. Årsmelding for kontrollutvalet for 2017		2017/32
RS 8/18	Vedtak i kommunestyret vedr. årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringssenter		2017/28
RS 9/18	Vedtak i kommunestyret vedr. årsrekneskap og årsmelding Vaksdal kommune 2017		2017/28
RS 10/18	Vedtak i kommunestyret vedr. Tertiarrapportering 1 - 2018		2017/28
RS 11/18	Vedtak fra kommunestyret vedr. sak "Slik fungerer kommunestyret best - oppfølging		2017/40
RS 12/18	Rekneskapsrapport for kontroll- og tilsynsarbeid pr. 21.08.18		2017/58
RS 13/18	Melding om FKT-veileder Sekretariat for kontrollutvalg		2017/40
PS 43/18	Gjennomgang av møteprotokollar		2017/47
PS 44/18	Eventuelt		

PS 35/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 36/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217

Arkivnr: 2017/24-18

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	37/18	05.09.2018

Orienteringssak om oppfølgingsarbeid etter forvaltningsrevisjon av kvalitet i pleie og omsorgstenesta

Bakgrunn

Kommunestyret i Vaksdal kommune gjorde slikt vedtak i sak 63/2017 Forvaltningsrevisjon av kvalitet i helse og omsorgstenesta i møte 16.10.2017:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Kvalitet innanfor helse og omsorg", ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. Evaluere og vidareutvikle sine system for å sikre brukarmedverknad på individnivå, og som del av ei slik evaluering hentar inn systematisk informasjon om korleis tenestemottakarar og pårørande sjølv opplever brukarmedverknaden.
2. Sikre at tenestemottakarar og pårørande sine erfaringar med tenestene systematisk bli innhenta og nyttा i det kontinuerlege arbeidet med kvalitetsutvikling i helse- og omsorgstenestene.
3. Gjennomgå og evaluere system og rutinar for å sikre tilsette sin medverknad, mellom anna for å sikre at tilsette sine erfaringar og innspel blir nyttा i kvalitetsarbeidet.
4. Sikre at tilsette har forståing for viktigheita av å melde frå om uønskte hendingar, og at avvik blir systematisk meldt frå om og følgt opp og nyttा i kvalitetsarbeidet.
5. Gjennomføre ei kartlegging av medarbeidarane sin kompetanse i forbettingsarbeid, og vurderer kva tiltak som eventuelt bør setjast i verk for å auke denne kompetansen.
6. Sikre at det både gjennom medarbeidarsamtalar og meir fortløpende dialog mellom tilsette og deira leiatar er fokus på meistring av arbeidsoppgåver, og eventuelle behov for rettleiing og opplæring.
7. Sikre at kommunen si varslingsrutine blir gjort tilstrekkeleg kjent blant dei tilsette.
8. Sikre at det i større grad blir gjennomført systematiske og dokumenterte risikovurderinger, for å identifisere aktivitetar eller prosessar der det er fare for svikt eller brot på regelverk.
9. Å etablere rutinar for gjennomføring av eigenkontroller, til dømes innanfor område der kommunen vurderer at det er risiko for manglande etterleving av rutinar og prosedyrar.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.12.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Kontrollutvalet har ansvar for å følgje opp at tilrådingar som er vedteke av kommunestyret vert følgd opp.»

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Det er lagt fram handlingsplan, i tråd med pkt. 10 i vedtaket, som vart handsama på møte i kontrollutvalet 28.02.18. Det vart då fatta slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp og gjort ferdig i samband med forvaltningsrevisjon av kvalitet innanfor helse og omsorg.
2. På bakgrunn av at mykje av forbettingsarbeidet som står att skal vera ferdig i løpet av første halvår 2018 ber kontrollutvalet om ny skriftleg tilbakemelding innan 15.08.2018.

Drøfting

Sekretariatet har motteke tilbakemelding, slik det er bede om. Tilbakemeldinga omfattar «Notat til kontrollutvalet, datert 26.07.18.» og «Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon av kvalitet i helse og omsorg». Dei to dokumenta ligg som vedlegg til denne saka.

Handlingsplanen syner at det er utført eit systematisk og omfattande arbeid når det gjeld tiltak innafor dei forbettingsområda det er peika på. Mange av tiltaka i handlingsplanen er utført, og verktøy som skal styra arbeidet vidare er teke i bruk. Handlingsplanen viser vidare at forbettingsarbeidet vil vera ein stadig pågåande prosess, og at dei tiltak ein set i verk må prøvast ut over tid, evt. justerast og følgjast opp vidare.

Konklusjon

Ut frå den skriftlege og muntlege orienteringa som kontrollutvalet får i møte 05.09.18 bør utvalet koma med signal om korleis ein vidare skal følgja opp forvaltningsrevisjonen. Sidan det ser ut til at oppfølgingsarbeidet vert utført i tråd med handlingsplan, vil sekretariatet rå til at det bør gå ei tid før kontrollutvalet ber om ei ny orientering i saka. Ny orientering kan til dømes planleggast til slutten av første halvår 2019, eller tidleg haust 2019.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvaletser ser positivt på det arbeidet som er gjort så langt med oppfølging av tilrådingar og tiltak etter forvaltningsrevisjon av kvalitet i helse- og omsorgstenesta.
2. Utvalet ser at det ennå er ein del forbettingsarbeid som står att å vidareføra og følgja opp.
3. Kontrollutvalet vil difor be om ei ny orientering om stoda på arbeidet innan

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Notat til kontrollutvalet datert 26.07.18.
- Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon av kvalitet i helse og omsorg



Notat

Til
Kontrollutvalet

Kopi til:

Saksbehandlar: Rådmann/Solrun Hauglum
Vår referanse: 18/615 - 18/5959 / FA - G00
Dato: 26.07.2018

Emne: Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon - attendemelding til Kontrollutvalet

Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon av kvalitet i helse og omsorg var opp som sak i Kontrollutvalet på møte 28.02.2018. Kontrollutvalet fatta todelt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp og gjort ferdig i samband med forvaltningsrevisjon av kvalitet innanfor helse og omsorg.
2. På bakgrunn av at mykje av forbettingsarbeidet som står att skal vera ferdig i løpet av første halvår 2018 ber kontrollutvalet om ny skriftleg attendemelding innan 15.08.2018.

Underteikna sende 26.07.2018 førespurnad til sekretær for utvalet om å få utsett frist til 17.08.2018 grunna sommarferie, noko som vart imøtekommme.

Forbettingsarbeid har vorte gjennomført i samsvar med handlingsplan.

Verktøy som skal inngå i kvalitetsarbeid og risikovurdering er tekne i bruk etter oppsett plan. Tavlemøte fungerar godt på korttidsavdelinga og er/vert innført på andre avdelingar. Pasient-/brukarsikkerheitsvisitt vart gjennomført som planlagt våren 2018. Me hadde positive erfaringar med visitten, så denne typen visittar vert gjort årleg framover og vil inngå i årshjulet.
«I brukaren sitt fotspor» skal gjennomførast første gong hausten 2018. Skjema skal utarbeidast, tiltaket skal evaluerast og etter planen innlemmast i årshjulet.

Arbeidet med årshjul for risikovurdering og kvalitetsforbetring vert sluttført i 3. kvartal 2018, ikkje 1. kvartal slik det står i handlingsplan. Dette fordi det eine verktøyet som skal inngå der, «I brukaren sitt fotspor», vert prøvd ut første gong i 3. kvartal, og vedlegg/skjema knytt til dette vert utarbeida hausten 2018.

Underteikna møter etter avtale i Kontrollutvalet 05.09.2018 for å presentera arbeidet og verktøya.

Med helsing

Solrun Hauglum

Kommunalsjef helse og omsorg

Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon av kvalitet i helse og omsorg.

Forbetningsområde 1: Evaluera og vidareutvikla system for å sikra brukarmedverknad på individnivå , og som ein del av ei slik evaluering henta inn systematisk informasjon om korleis tenestemottakar og pårørande sjølv opplever brukamedverknaden.			
Tiltak	Tidsplan	Ansvarleg	Status august 2018
Evaluering av eksisterande verktøy og metode med planlegging av vidareutvikling og bruk av nye metodar	Hausten 2017 og 1. tertial 2018 i samband med deltaking i kvalitetsnettverk, deretter jamnleg	Leiargruppa med gruppeleiarar, ressurspersonar og tverrfagleg personell. Korttidsavdelinga pilot	Er utført i samband med nettverk. Jamnleg tema på tverrfaglege møte og leiarmøte
Intervju/samtale med nye brukarar og eventuelt pårørande ved innkomst/oppstart og etter fastsett tid	Innførast på alle aktuelle grupper i løpet av 2018	Avd.leiarar og gruppeleiarar saman med primærkontakt	Er innført på dei fleste buggrupper
«Kva er viktig for deg», eiga kolonne på tavla brukt i tavlemøte	3. tertial 2017 på korttidsavd.	Gruppeleiar, arb.gruppe, primærkontakt	Fungerar godt på korttidsavd., vert innført på andre avd.
Evaluering av opphold på korttidsavdeling	Innførast systematisk i 2. tertial 2018	Gruppeleiar korttidsavd.	Har vorte gjort i periodar, men er ikkje innført systematisk endå
Nytta primærkontaktordninga for å letta kommunikasjon med brukarar og pårørande	Innan 2. tertial 2018.	Avd.leiarar, gruppeleiarar og primærkontaktar	Fungerar på dei fleste gruppene
Forbetningsområde 2: Sikra at tenestemottakar og pårørande sine erfaringar med tenestene systematisk vert innhenta og nyttar i det kontinuerleg arbeidet med kvalitetsutvikling i helse og omsorgstenestene.			
Tiltak	Tidsplan	Ansvarleg	Status august 2018
Brukundersøkingar	Etter årsplan/årshjul. I 2018: rus og psykiatri og heimebaserte tenester	Einingsleiar og avd.leiarar med ressursperson	Skal gjennomførast 2. halvår av 2018
«I brukaren sitt fotspor», verktøy for involvering av brukarar for å identifisera risiko og forbetra tenester	Innførast 2018	Kommunalsjef med avd.leiar og gruppeleiar	Under planlegging, gjennomførast hausten 2018
Pårørandemøte årleg	I løpet av 1. tertial	Einingsleiar og avd.leiarar	Vert gjennomført etter plan
Brukarutval for institusjonane	Oppretta 2017, har faste møte, val	Leiargruppa i helse og	Vart oppretta i 2017 og har hatt møte i

	av pårøranderep. på pårørandemøte.	omsorg med Brukarutvalet	følgje plan
Dialog med kommunale brukarråd	Brukarråda har faste møte ca. 4 gonger årleg	Kommunalsjef og leiargruppa	Fungerar godt. Brukarråda får orientering om og vert rådspurt i aktuelle saker. Har representant i Brukarutvalet og grupper som driv utviklingsarbeid
Brukarrepresentantar skal takast med i utviklingsarbeid.	Skal alltid vurderast ved planleggingsarbeid, oppstart av nye tilbod m.m.	Kommunalsjef, leiargruppa og ansvarlege innan utviklingsarbeid	Vert ivareteke. Er med i prosjektgruppe, referansegruppe m.m. Brukarrep. var med i opplæring, planlegging, gjennomføring og evaluering av «Meistringsgruppe».

Forbetningsområde 3: Gjennomgå og evaluera system og rutinar for å sikra tilsette sin medverknad, mellom anna for å sikra at tilsette sine erfaringar og innspel vert nytta i kvalitetsarbeid.

Tiltak	Tidsplan	Ansvarleg	Status august 2018
Gjennomgang av system og rutinar	Årleg i samband med planlegging og verksemdsplan	Leiargruppa	Vert utført
Bruk av medarbeidarundersøkinga	Utført annakvart år, eigen plan for etterarbeid og oppfølging i Arbeidsmiljøgruppa	Leiargruppa og Arbeidsmiljøgruppa	Vert utført etter plan
Pasient- og brukarsikkerheitsvisittar, open dialog mellom øvste leiar og personalet for identifisering av risiko- og forbetningsområde	Oppstart 2018, deretter årleg etter årshjul	Kommunalsjef med avd.leiar/gruppeleiar og personalgrupper.	Gjennomført som planlagt våren 2018, deretter årleg
Jamnlege personalmøte	Etter avdelingane sine årshjul	Leiargruppa	Vert utført etter plan
Nytta TV og VO	Faste møte og ved trøng	Leiargruppa, TV,VO	Vert utført

Forbetningsområde 4: Sikra at tilsette har forståing for viktigheita av å melda frå om uønskte hendingar, og at avvik vert systematisk meldt frå om og følgt opp og nytta i kvalitetsarbeidet.

Tiltak	Tidsplan	Ansvarleg	Status august 2018
Informasjonsmateriell og samtale med nytilsette	Ved tilsetting	Gruppeleiar	Vert gjennomført
Medarbeidar-/utviklingssamtale	Årleg og ved ønskje/innkalling	Leiarar m. personalansvar	Vert gjennomført
Nytta pasient- og brukarsikkerheitsvisittar	Årleg	Kommunalsjef, avd.-/ gruppeleiar m. personalet	Gjennomført første gong våren 2018 som planlagt
Gjera kjent og nytta eksisterande	Ved tilsetting, deretter jamnleg	Avd.- og gruppeleiarar,	Vert utført

avvikssystem		alle tilsette	
Oppfølging av meldte avvik	Ved melding	Leiarar	Vert utført
Ta i bruk KF kvalitetssystem	Våren 2018	Personal, alle tilsette.	Er teke i bruk, fungerar godt

Forbettingsområde 5: Gjennomføra ei kartlegging av medarbeidarane sin kompetanse i forbettingsarbeid, og vurdera kva tiltak som eventuelt bør setjast i verk for å auka denne kompetansen.

Tiltak	Tidsplan	Ansvarleg	Status august 2018
Kartlegging gruppevis og individuelt gjennom personalmøte, medarbeidarsamtalar m.m.	Oversikt i løpet av 2018	Leiar med personalansvar	Vert gjennomført
Bruk av VISMA HRM til reg. av kompetanse	1. halvår 2018	HR og tilsette	Er teke i bruk
Revidering av kompetanseplan	Årleg, 1. tertial	Kommunalsjef m. leiargruppa, TV/HTV og personal	Vert utført etter plan, revidert mars 2018
Kartlegging og kompetanseheving i samband med læringsnettverk innan forbettingskompetanse/-arbeid	Årleg i samband med rev. av komp.plan og ved planlegging/oppstart av aktuelle læringsnettverk	Leiargruppa, TV/HTV, personal	Gjennomført fleire gonger. Pågående innan demens, utført innan medikamentehåndtering, ernæring,kvalitetsforbetring/pas.sikkerheit og teknologi, planlagt innan utv.hemming
K-klubben, felles internundervisning på tvers av avdelingane	Eigen plan for tidspunkt og tema for kvart halvår	Einingsleiar m. utplukka ressurspersonar	Starta januar 2017

Forbettingsområde 6: Sikra at det både gjennom medarbeidarsamtalar og meir fortløpende dialog mellom tilsette og leiarar er fokus på meistring av arbeidsoppgåver og eventuelle behov for rettleiing og opplæring.

Tiltak	Tidsplan	Ansvarleg	Status august 2018
Nytta resultat frå medarbeidarundersøkinga	Eigen plan med tiltak og fristar	Einingsleiar med Arbeidsmiljøgruppa	Framdrift i følgje plan
Medarbeidar-/utviklingssamtalar	Årleg	Leiar med personalansvar	Vert utført
Tema på personalmøte	Fleire gonger årleg	Avd. og gruppeleiarar	Vert utført
Vurdering/samtale ved nye/sjeldne oppgåver og opplæring ved trong	Ved trong	Avd.-/gruppeleiar og tilsette	Vert utført
Arena nytta til refleksjon, t.d. etikk-lunch	1. tertial 2018	Avd.- og gruppeleiarar	Fast innført på nokon grupper
Nytta pas.-/brukarsikkerheitsvisitt	Årleg, oppstart på korttidsavd. i 1. halvår 2018	Kommunalsjef med avd.-/gruppeleiar og tilsette	Utført første gong våren 2018

Forbettingsområde 7: Sikra at kommunen si varslingsrutine vert gjort tilstrekkeleg kjent blant dei tilsette.

Tiltak	Tidsplan	Ansvarleg	Status august 2018
Samtale med nytilsette, informasjonsmateriell.	Ved oppstart.	Avdelings-/gruppeleiar	Vert utført
Tema på personalmøte	Årleg	Avdelings-/gruppeleiar	Vert utført
Rutinar og informasjon på «Skyttelen»	Alltid tilgjengeleg	HR, leiargruppa	Er innført, link til kvalitetssystem
Ta i bruk KF kvalitetssystem.	1. halvår 2018	HR, leiargruppa	Er teke i bruk

Forbetningsområde 8: Sikra at det i større grad vert gjennomført systematiske og dokumenterte risikovurderinger for å identifisera aktivitetar eller prosessar der det er fare for svikt eller brot på regelverk.

Tiltak	Tidsplan	Ansvarleg	Status august 2018
Årleg rapportering til rådmannen	1. tertial	Einingsleiar	Vert utført etter plan
Årshjul for kvalitetsforbetring med nye verktøy for risikovurdering og tiltak	Ferdig utarbeida 1. tertial 2018	Kommunalsjef	Under arbeid, nye verktøy er tekne i bruk, ferdig årshjul hausten 2018
Ivareteke gjennom årshjul/verksemndsplan på eininga og i avdelingane	Utarbeida årleg i januar	Einingsleiar m. leiargruppa	Vert utført
Risikovurdering ved trong, knytt til hendingar og mogeleg risiko, eller som del av planlegging/ utvikling	Ved trong, ved endring av rutinar og ved utviklingsarbeid	Kommunalsjef og einingsleiar m. leiargruppa	Vert utført
I samband med pas.sikkerheitsvisitt og «i brukaren sitt fotspor».	Oppstart 2018	Kommunalsjef med leiargruppa og tilsette	Gjennomføring som planlagt

Forbetningsområde 9: Etablira rutinar for gjennomføring av eigenkontollar, til dømes innanfor område der kommunen vurderar at det er risiko for manglante etterleving av rutinar og prosedyrar.

Tiltak	Tidsplan	Ansvarleg	Status august 2018
Sikra gjennomføring av etablerte kontrollar etter årshjul, mnd.- og tertialrapportar, brannvern og narkotikakontroll, IK mat m.fl.	Etter årshjul og rutinar	Kommunalsjef og einingsleiar m. leiargruppa	Vert gjennomført
Eigenkontroll innan utsette område, t.d. legemiddelgjennomgang	Årleg etter plan	Avd.- og gruppeleiarar m. farmasøy	Vert gjennomført
Tavlemøte, risiko- og forbetringstavle	Innført på korttidsavd. 3. tertial 2017, i andre avd.frå 2018	Avd.leiar med arbeidsgruppe	Er innført på korttids- og langtidsavd., følgjer tidsplan
Innføring av «i brukaren sitt fotspor»	2. halvår 2018, deretter årleg	Kommunalsjef med avd.- og gruppeleiar	Under planlegging, oppstart hausthalvår
Innføring av pasient- og brukarsikkerheitsvisitt	1. halvår 2018, deretter årleg	Kommunalsjef med avd. og gruppeleiar, tilsette	Gjennomført våren 2018 som planlagt



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 064

Arkivnr: 2018/17-8

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	38/18	05.09.2018

Rådmann orienterer om arbeid med tilrettelegging for ny personvernlov

Bakgrunn

EU sin personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR) er vedteke vart gjeldande for Norge frå 20. juli 2018. Dette medfører ei rekke endringar i norsk personvernlovgjeving. All handsaming av personopplysningar skal gjennomførast etter dei nye lovreglane. Arbeid med å tilrettelegga for å sikra oppfølging av regelverket vil såleis vera ei oppgåve for kommunane i tida framover.

Kontrollutvalet fekk orientering om stoda for dette arbeidet i møte 28.02.18. Vidare blei det og gjeve orientering i kontrollutvalet sitt møte 11.04.18, og fatta slikt vedtak etter gjennomgangen av saka:

1. *Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem med skriftleg og munnleg orientering om korleis tilpassinga til ny personvernlov har gått i møte i utvalet 05.09.2018.*
2. *Den skriftlige orienteringa bes sendt sekretariatet innan 22.08.2018.*
3. *Informasjonen vert elles teke til orientering.*

Drøfting

Rådmann har stadfesta at kontrollutvalet vil få orientering om dette arbeidet i møte 05.09.18.

I tråd med vedtaket er det motteke skriftleg orientering frå rådmann. Notat vedr. «Ny personvernlov – Status for tilpassing» ligg som vedlegg til saka. I tillegg vert det opplyst i eposten som er sendt til sekretariatet:

«Vi viser til orienteringa i møte i kontrollutvalet 11.april (vedlagt). Arbeidet med tilpassingar til ny lov vart fullført innan lova trådde i kraft 2.juli. Det som ikkje var klart i april, vart ferdigstilt innan fristen; det er inngått ei mengde nye databehandlaravtalar (pkt 3) og personvernerklæringa (pkt 5) er oppdatert etter nytt regelverk. Kommunen har oppdatert/justert rutinar etter utførte risikoanalyser og det har kome oppdateringar i ein del fagsystem.

*Iktnh overvaker kontinuerleg datasystema i samsvar med sikkerheitsmessige krav.
Avviksbehandling er ivaretatt i kommunen sitt kvalitetssystem. Oppfølging av personvern inngår som ein del av det systematiske arbeidet med internkontroll i organisasjonen.»*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239406 - Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Konklusjon

Ut frå informasjonen som er lagt fram og orienteringa som vil bli lagt fram i møte må kontrollutvalet vurdera om det er naudsynt å be om meir informasjon på noverande tidspunkt.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygård
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Ny personvernlov – status for tilpasning



Sekretariat for kontrollutvalet

Referanser:

Dykker:
Vår: 17/1416 - 18/2360

Saksbehandlar:

Åse Elin Myking
ase.elin.myking@vaksdal.kommune.no

Dato:

26.03.2018

Ny personvernlov - Status for tilpasning

Viser til spørsmål frå kontrollutvalet vedkomande ny personvernlov.

1. Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?

Svar: Førebuingane har vore organisert delvis som eit felles arbeid med kommunane i Iktnh med felles prosjektleiar. Rådmenna har hatt hovudansvaret i kommunane, Iktnh for datadelen. Hos oss har rådmann si leiargruppa hovudansvar for at arbeidet vert ferdigstilt innan lova trer i kraft. Einingsleiarane har vidare ansvar for personvern i si eining, jf delegeringsreglement. Rådmanns stab har ansvar for fellesfunksjonar og vil få ei kontrollrolle internt og opp mot Iktnh.

2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?

Svar: Ja, det er laga oversiktar for heile organisasjonen. Dette hadde me i stor grad frå før, men det er gjennomgått og oppdatert p.r 2018.

3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?

Svar: Me har databehandlaravtalar i dag etter dagens regelverk. Desse avtalane vert oppdatert etter nye malar frå Datatilsynet i desse dagar.

4. Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?

Svar: Kommunane i Iktnh har oppretta eit felles personvernombod i 100% stilling.

5. Er personvernerklæringa oppdatert?

Svar: Personvernerklæringa vert oppdatert i desse dagar.

6. Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?

Svar: Både ja og nei. Innebygd betyr både at det er automatisert og at prosedyrer og rutiner er forankra hos brukarane. Buypass løsning på sikker sone vil handtere deler av oppgava. Noen fagleverandørar har personvern bygget inn, som er tilstrekkeleg, mens andre vil koma med oppdateringer fram mot 25. mai. Vi vil oppdatere systemene så snart oppgraderingane er på plass.

7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?

Svar: Iktnh gjennomfører penetrasjonstesting hver 3. måned. Det er et eksternt firma, Fence Nordic, som gjennomfører testingen. I tillegg så er vi i HelseCert systemet. Dei testar alle svakheter utenfra fortløpende. Vi har prosedyrer på korleis vi responderer på avvik.

«HelseCERT er helse- og omsorgssektorens nasjonale senter for informasjonssikkerhet. HelseCERTs oppgave er å øke sektorens evne til å oppdage, forebygge og håndtere ondsinnede inntrengingsforsøk og andre uønskede IKT-hendelser. HelseCERT skal spre kunnskap om IKT-trusler og beskyttelsesmekanismer og kontinuerlig monitorere trafikken i Helsenettet.»

Med helsing

Åse Elin Myking
Konst. rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Mottakarar:
Sekretariat for kontrollutvalet



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 151

Arkivnr: 2017/58-16

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	39/18	05.09.2018

Framlegg til budsjett for 2019 for kontroll- og tilsynsarbeid i Vaksdal kommune

Bakgrunn

«Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» vart endra med verknad frå 01.07.2004. Etter forskrifta § 18 skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. I forskrifta står:

«§ 18. Budsjettbehandlingen

Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forlag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapets/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.»

Det går og fram av «Veileddning for regnskapsrapporteringen i KOSTRA» følgjande når det gjeld kva 110 - Kontroll og revisjon skal innehalda:

«Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven § 77 og revisjon etter kommuneloven § 78. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Funksjonen omfatter ikke administrative internkontrollsystemer som er underlagt administrasjonssjefen.»

Drøfting

Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet innstille direkte overfor politisk organ.

For revisionstenestene er det teke utgangspunkt i inneverande budsjettår og gjeldande avtale med ekstern revisor. Den har formulering om konsumprisauke. For 2019 er det budsjettert med ein auke på 3,6 % (SSB aug. 2018). Budsjettet kostnad med revisjon skal dekke både arbeid med regnskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Vidare er det lagt til grunn at det vil vera 5 møter i kontrollutvalet i 2019, og med om lag like stor saksmengde som tidlegare år. Ellers er det m.a. lagt inn møtegodtgjersle, kostnader til at medlemmene i kontrollutvalet kan delta på ein nasjonal fagleg kontrollkonferanse, reisekostnader, medlemskap i Forum for Kontroll og Tilsyn og servering på utvalsmøta.

Det er også lagt inn forslag om eit beløp til ekstra tiltaksmidler. Dette er midlar som er tenkt til ev. ad-hoc oppgåver, f.eks. øvrig forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og utgreiingar, som måtte koma undervegs i året. Bakgrunnen for slike ekstra oppgåver kan t.d. vera medieoppslag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjent plan.

I forskrift om kontrollutvalg i kommunar og fylkeskommunar står det dette i § 10 og § 13 – om oppgåvene til kontrollutvalet:

«§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorar og virksomheter.»

«§ 13. Selskapskontroll

«Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorar og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.»

Formuleringane i desse paragrafane syner at hovedoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut fra dei planar som kommunestyret har vedteke. Gjeldande planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vart vedteke i kommunestyret hausten 2016. I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggjast inn midlar til å gjennomføre prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planane. Ut frå planane, vil prosjektarbeid krevje ei ramme på minimum 300 timer for kommunar med Vaksdal sin storleik.

Pris for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er lagt inn i tråd med avtale mellom Vaksdal kommune og Hordaland fylkeskommune. Den har formulering om konsumprisauke. For 2019 er det budsjettert med ein auke på 3,6 % (SSB aug. 2018).

Konklusjon

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett, eventuelt inkludert endringar som vert gjort i møtet.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for 2019 for kontroll- og tilsynsarbeid i Vaksdal kommune, med dei endringar som eventuelt kjem fram i møtet. Budsjettforslaget vert å senda Vaksdal kommune for vidare handsaming.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygård
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Vedlegg:

- Taldel for framlegg til budsjett 2019 for kontroll- og tilsynsarbeid i Vaksdal kommune

Budsjettforslag for kontrollutvalgt i Vaksdal kommune for 2019

Konto	Tekst	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Rekneskap pr. 31.07.2018	Budsjett 2019	Merknad
1010	Fast løn	kr 189	kr -	kr -	kr -	
1050	Anna løn og trekkpliktige ggi.	kr 1 200	kr -	kr 340	kr -	
1086	Møtegodgjersle	kr 19 352	kr 20 640	kr -	kr 20 640	
1087	Tapt arbeidsforteneste	kr 2 603	kr 15 000	kr -	kr 15 000	
1080	Feriepengar tapt arbeidsforteneste	kr -	kr 1 800	kr -	kr 1 800	
	Delsum	kr 23 344	kr 37 440	kr 340	kr 37 440	
1099	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr 3 292	kr 5 279	kr 48	kr 5 279	
	Delsum	kr 26 636	kr 42 719	kr 388	kr 42 719	
	Andre utgifter	kr -	kr -	kr -	kr -	
1102	Abonnement	kr 400	kr 12 000	kr 8 559	kr 10 000	Abon.m. Kom.revisor og Kom.rapp
1117	Servering på møta	kr 7 090	kr 10 000	kr 2 555	kr 8 000	Mat på kontr.utv.møta
1121	Velferdstiltak - skyss, kost oppg.plikt.	kr 415	kr -	kr 450	kr -	
1153	Kursavgifter/oppholdsutg v/kurs	kr 15 500	kr 30 000	kr 37 951	kr 30 000	Delt. FKT og NKRF-konferansar
1153	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr -	kr 15 000	kr -	kr -	Ny folkev.opplæring vil vera i 2020
1160	Skyss og kostgodtgj generelt	kr 1 103	kr 20 000	kr 3 416	kr 20 000	
1162	Køyregodtgjersle	kr -	kr 1 000	kr -	kr 1 000	
1170	Transport/drift av eigne transportmidl.	kr -	kr 1 000	kr 240	kr 1 000	
1196	Kontingentar	kr 1 400	kr 3 500	kr 3 500	kr 3 500	Medlemsskap FKT
1270	Konsulenttenester (revisjon)	kr 214 952	kr 510 000	kr 275 963	kr 528 360	Prisauke 3,6 % (SSB 16.08.18)
1273	Andre konsulenttenester (revisjon)	kr 236 615	kr -	kr -	kr -	
1350	Kjøp av sekretariatstenester	kr 82 907	kr 126 000	kr 67 275	kr 129 500	Prisauke 3,6 % (SSB 16.08.18)
1375	Ekstra tiltaksmidlar	kr -	kr 50 000		kr 50 000	
1699	Fordeling ind.kostnader	kr -11 771				
	Delsum	kr 548 611	kr 778 500	kr 399 909	kr 781 360	
14290	Meirverdiavgift	kr 133 618	kr 184 580	kr 87 543	kr 185 995	
17290	Moms-kompensasjon	kr -133 618	kr -184 580	kr -87 543	kr -185 995	
	Total budsjetttramme	kr 575 247	kr 821 219	kr 400 297	kr 824 079	



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217

Arkivnr: 2017/105-17

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	40/18	05.09.2018

Milepælsorientering forvaltningsrevisjon av sakshandsaming, arkivering og journalføring

Bakgrunn

Det er gjort slikt vedtak i møte 28.02.2018 vedr. bestilling av forvaltningsrevisjon:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av saksførebuing og offentleg sakshandsaming frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vaksdal kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timer.
4. Det er ønskjeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av september 2018, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Av den godkjende prosjektplanen framgår det at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om Vaksdal kommune har system og rutinar som sikrar ei forsvarleg saksførebuing av politiske saker og at henvendingar frå borgarane i kommunen blir svara på i samsvar med lovkrav. I tillegg er det eit føremål med prosjektet å undersøke om kommunen praktiserer offentleg sakshandsaming.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. **I kva grad er det etablert system og rutinar som sikrar ei forsvarleg saksførebuing av politiske saker?**
 - a) Er det etablert malar/sjekklistar som kan nyttast som støtte/hjelpemiddel i samband med utarbeiding av politiske saker?
 - b) I kva grad blir det gjennomført systematiske konsekvensanalysar i saksførebuingane (t.d. med omsyn til økonomi, miljø osb.) og blir sentrale partar høyrt?
 - c) I kva grad blir det føreslått framdriftsplanar og fristar for gjennomføring i administrasjonen sine saksutgreiingar og forslag til vedtak?

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239406 - Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

- d) *Er det etablert retningslinjer for kvalitetssikring og godkjenning i prosessen med utarbeiding av politiske saker?*
 - e) *Blir det gitt tilstrekkeleg tid til saksførebuing i politiske organ?*
2. **Korleis sikrar kommunen at brev og andre henvendingar blir handsama i samsvar med krav i forvaltningslova?**
- a) *I kva grad har kommunen rutinar som sikrar at henvendingar blir følgt opp?*
 - b) *Blir brev og e-postar svart på i samsvar med reglane om førebels svar?*
3. **I kva grad har kommunen rutinar som sikrar offentlegheit i sakshandsaminga?**
- a) *Følgjer den offentlege postlista krav i lov- og regelverk?*
 - i. *Er den offentleg postlista fullstendig?*
 - ii. *Har kommunen rutinar som sikrar at postlista blir publisert utan unødig opphold?*
 - b) *Har kommunen ein oppdatert arkivplan som oppfyller krava i regelverket?*
 - c) *Har kommunen rutinar for å sikre at inn- og utgåande dokument blir registrert i samsvar med krav i regelverket? Omfattar ev. system og rutinar for arkivering og journalføring at alle typar inn- og utgåande meldingar, og under dette særleg:*
 - i. *E-post sendt direkte til eller frå leiar/sakshandsamar*
 - ii. *Tekstmeldingar (SMS)*
 - iii. *Telefonsamtalar som har relevans for sakshandsaminga*
 - d) *Har kommunen rutinar for å sikre at organinterne dokument blir registrerte i samsvar med regelverket?*
 - e) *Er det rutinar for skjerming av informasjon i postlista?*
 - f) *Er det rutinar for å vurdere førespurnader om innsyn?*
 - g) *Har kommunen rutinar som sikrar at lukking av møte i politiske organ skjer i samsvar med regelverket?*

Det er formulert slik avgrensing av prosjektet:

«Prosjektet tar for seg politiske vedtak fatta i kommunestyret og politiske utval. Administrative vedtak som er vedtatt etter delegeringsreglementet er ikkje omfatta av dette prosjektet. Vidare har revisionen avgrensa fokus til sakshandsaminga som føregår i kommunen sitt sentrale sakshandsamingsystem, og vil ikkje gjere undersøkingar i eventuelle fagsystem der det føregår sakshandsaming. Endeleg fokuserer revisionen på kommunen sitt daglegarkiv, og vil ikkje gjere undersøkingar knytt til bortsettingsarkiv eller arkivdepot. Vi vil heller ikkje gjere undersøkingar knytt til den fysiske sikringa av arkivet.»

Drøfting

Det blei gjeve orientering om prosjektet i møte 11.04.18 og i møte 15.05.18. Arbeidet med forvaltningsrevisjonen er no inne i sluttfasen og Deloitte vil på nytt orientera om status.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, vert det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 085

Arkivnr: 2017/71-12

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	41/18	05.09.2018

Kurs i regi av Deloitte

Bakgrunn

Vaksdal kommune har avtale med Deloitte AS som revisor med verknad frå 01.07.2017. I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg B kravspesifikasjon punkt 3.3 opplæring:

«REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidrarar i administrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdagar per år.»

Det er gjennomført 2 kurs i tråd med denne avtalen i 2017 / 2018:

- Lov om offentlege anskaffingar (dei viktigaste endringane etter nytt regelverk) – 27.11.17
- Innføring i kommunerekneskap – 11.04.18

Drøfting

Det vert det no lagt fram sak om kva kurs kontrollutvalet skal velga i hausthalvåret 2018. Deloitte sitt forslag til kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Vaksdal kommune ligg ved saka.

I møtet bør kontrollutvalet drøfta seg fram til kva kurs ein ønskjer skal verte gjennomført i andre halvår 2018. Vidare bør ein drøfte om ein skal spørja om administrasjonen i kommunen ønskjer å nyta noko av denne kurksvoten. Det normale til no har vore at slike kurs har hatt ein varighet på 2 timer og dei har vore halde i samband med eit kontrollutvalsmøte.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre i andre halvdel av 2018. Vidare bør utvalet be sekretariatet ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs med tema , evt.
dato:.....
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og
avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Vedlegg:

- Kva kurs kan Deloitte tilby til kontrollutvala



**Kva kurs kan Deloitte tilby til
kontrollutvala?**

	Tema	Stikkord	
1	Samfunnsansvar og antikorrupsjon	<ul style="list-style-type: none"> - Gi ei innføring i relevante lover, krav og konsekvensar. - Gi praktiske eksempler og underbygge betydninga av eit tilstrekkelig arbeid med antikorrupsjon 	
2	Innkjøp i samsvar med regelverket	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er hovedprinsippa i regelverket? - Kvifor er det viktig med god kontrakts- og leverandør oppfølging? 	
3	Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon	<ul style="list-style-type: none"> - Innføring i kompensasjonsordninga - Praktiske eksempler 	
4	Justeringsplikt og -rett	<ul style="list-style-type: none"> - MVA ved (fylkes-) kommunens overtaking av bygg og anlegg 	
5	Habilitet	<ul style="list-style-type: none"> - Kurset vil gi ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis desse vurderingane kan gjerast og korleis (fylkes-) kommunen kan etablere gode rutiner for å sikre at atilsette ikkje handsamer saker kor dei er inhabile 	
6	Ny kommunelov	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er dei viktigaste endringane frå tidlegare lov? 	
7	GDPR	<ul style="list-style-type: none"> - Nye krav til informasjonstryggleik 	
8	Arkivering, journalføring og offentlighet		
9	Utvalte tema knytt til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er forvaltningsrevisjon og/eller selskapskontroll? - Korleis gjere ei god bestilling? - Korleis følgje opp ein gjennomført revisjon? - M.v. 	

	Tema	Stikkord	
10	Innføring i kommunerekneskap	<ul style="list-style-type: none"> - Grunnleggende innføring i kommunerekneskap 	
11	Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> - Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning - Kva roller har kommunen sin eigarrepresentant, valte styremedlemmar mv. 	
12	Avstemming av rekneskapen	<ul style="list-style-type: none"> - Kva bør ei avstemming innehalde? - Kor ofte bør avstemninger utarbeidast? - Kva avstemninger skal utarbeidast? - Kva regelverk gjeld på området? 	
13	Pensjon	<ul style="list-style-type: none"> - Kurset omhandler gjeldande regelverk på området og praktiske eksempler. 	
14	Innberetning av lønn	<ul style="list-style-type: none"> - Kva ytingar er arbeidsgivaavgiftspliktige og kva er oppgavepliktige? 	
15	Investeringsrekneskap	<ul style="list-style-type: none"> - Krav til investeringsrekneskap - Skilje mellom driftsrekneskap og investeringsrekneskap - Kva skal bokførast i driftsrekneskapen? - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsrekneskapen? 	
16	Andre rekneskapsmessige problemstillingar	<ul style="list-style-type: none"> - Tilpasse den enkelte kommune 	

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 264,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

PS 42/18 Referatsaker



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Edvard Høgestøl, 55 57 20 45

Vår dato
27.06.2018
Dykkar dato
05.03.2018

Vår referanse
2018/3341 331.1
Dykkar referanse

Vaksdal kommune
Konsul Jebsensgata 16
5722 Dalekvam

Vaksdal kommune - budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2018 vedteke i kommunestyre 18. desember 2017 og handlingsplan og økonomiplan for 2018 – 2021 vedteke i kommunestyremøte 26. juni 2017. Fylkesmannen gjekk gjennom dokumenta ved mottak i mars.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det kommunale skatteøyret for kommunane i 2018 er det same som i 2017, 11,8 prosent.

Frie inntekter

Kommunen har budsjettet med kr 101,9 mill. i skatt på eige og inntekt for 2018.

I 2017 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 4,5 prosent. Det er no rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2017 til 2018 med 1,3 prosent.

Kommunen sitt skattenivå i 2017 var 84,1 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføringa til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2018 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2018 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 prosent av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettet til kr 257,8 mill.

Inntektsprognosene for 2018 er no oppdatert med endelige innbyggjartal per 01.01.2018, inntekten skatt i 2017 og oppdateringar frå revidert nasjonalbudsjett 2018. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal per 01.01. 2018. For innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga med aldersfordeling er grunnlaget innbyggjartal per 01.07.2017.

Dei budsjetterte frie inntektene ligg litt over anslaget i prognosene.

Eigedomsskatt

Det er budsjettet med kr 31,8 mill. i eigedomsskatt for 2018. Endelige tal for 2017 syner at eigedomsskatteinntektene vart 37,35 mill. Det var noko betre enn det det var budsjettet med.

Som for andre såkalla «kraftkommunar» har det vore ein nedgang i desse inntektene dei siste åra.

Den generelle skattesatsen er sju promille, med differensiert sats for bustad og fritidseigedom på 5,5 promille.

Pris og kostnadsvekst

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i statsbudsjettet 2,6 prosent. I dette inngår pårekna lønsvekst med 3,0 prosent.

Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 prosent av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Fylkesmannen rår kommunane til at dei ordinære avdraga er minst på dette nivået.

Kommunen har lagt opp til avdrag på kr 16,2 mill. i 2018. Avdraga aukar utover i økonomiplanperioden. For budsjett 2018 vart avdraget redusert i høve til det som var vedteke i juni i samband med økonomiplanen.

Budsjetterte avdrag for 2018 er i tråd med det vi tilrar kommunane.

Driftsresultat

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettet med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekka renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inkl. inndekning av underskot).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2018 er budsjettet til kr 6,2 mill.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, på minst 1 ¾ prosent for kommunane generelt.

Fylkesmannen si vurdering er at netto driftsoverskot bør vere noko høgare enn 1 ¾ prosent av driftsinntektene for å kunne handtere svingingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.

Netto driftsoverskot i budsjettet oppfyller ikkje tilrådinga heilt.

KOSTRA-tal for 2017 syner at netto driftsresultat vart atskilleg betre enn budsjettet (med kr 25,12 mill. mot kr 7,99 mill. i budsjett), og i tråd med TBU si tilråding.

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

For 2018 er den totale vedtekne investeringsramma kr 94,95 mill. Budsjettet syner investering i anleggsmidlar på kr 83,4 mill.

Den største investeringa er til Dale barne- og ungdomsskule med kr 35, mill., og saman med tilbygg Vaksdal skule og investeringar i Stamnes skule og oppveksttun (samt noko til prosjektering barnehage i Dale) vert det nytta kr 49,7 mill. til oppvekst i 2018. Desse investeringane aukar ytterlegare i dei to påfølgjande åra.

Andre større investeringar er «prosjekt Demenssenter/helsehus» med kr 8,- mill. i bygg og utstyr (her held investeringane fram i åra som kjem), ombygging Heradshuset (kr 7,- mill.), sprinklaranlegg i omsorgsbustader (kr 3,5 mill.) og ny brannbil (kr 4,- mill.), i tillegg til andre mindre investeringar.

Investeringane i 2018 er i planlagt finansierte med ordinært lånepptak, kr 43,45 mill. Mva-kompensasjonen kjem i tillegg med kr 16,69 mill. Det same gjer overføringerar frå driftsrekneskapen (kr 6,12 mill.), sal av driftsmidlar/fast eigedom (kr 3,- mill.) og bruk av fond (til saman kr 14,2 mill.).

I tillegg vert det tatt opp kr 2,- mill. i lån til vidare utlån.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld per 31.12.2016 for kommunane samla i fylket, utanom Bergen, til kr 79.821,- per innbyggjar. I det talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr 72.738,-.

Tilsvarande for landet samla, utanom Oslo, er kr 74.662,-. Kommunane i Hordaland (utan Bergen) har dermed eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet.

Oppsummering

Kommunen har møtt tilrådinga frå Teknisk berekningsutval (TBU) dei siste fem åra, men er no uroa over reduserte inntekter frå vasskraft og eigedomsskatt saman med reduserte overføringer som følgje av endringar i inntektssystemet. Endringane i demografien gir også sine utfordringar.

Samstundes førar naudsynte investeringar med seg lånepptak, og aukar finans- og driftsutgiftene. Kommunen skriv at det til saman vil krevje effektiv og nøktern drift innanfor alle tenesteområda.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.



Sekretariat for kontrollutvalet

Referanser:

Dykkar:
Vår: 18/277 - 18/4130

Saksbehandlar:

Sølv Legård
solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Dato:

25.05.2018

Melding om vedtak - Årsmelding for kontrollutvalet i Vaksdal kommune for 2017

Saka er behandla i Kommunestyret 07.05.2018 - Sak 23/2018

Det er gjort slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2017 for kontrollutvalet i Vaksdal kommune.

Rett utskrift:

Sølv Legård
Politisk sekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Mottakar:

Sekretariat for kontrollutvalet

UTDRAG FRÅ MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET 25.06.2018

35/2018: ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2017 FOR VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER KF

Styret sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringssenter KF. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 183.826,10 vert overført til disposisjonsfond konto 2569900.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling: Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 44/2018 Tiltråding: Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringssenter KF. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 183.826,10 vert overført til disposisjonsfond konto 2569900.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling: Samrøystes vedtak.

KOM - sak 35/2018

Vedtak: Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringssenter KF. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 183.826,10 vert overført til disposisjonsfond konto 2569900.

UTDRAG FRÅ MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET 25.06.2018

36/2018: ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2017 med eit mindreforbruk/overskot på kr 8.384.955,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2017 for Vaksdal kommune.

Mindreforbruket på drifta, kr 8.384.955,- vert disponert som følgjer:

- kr 1,4 mill til rassikring utområde Stanghelle skule
- kr 0,9 mill til trafikksikring skuleveg Stanghelle
- kr 1,2 mill til vegvedlikehald/asfaltering
- kr 4.884.955 til disposisjonsfond for bruk til finansiering av investeringar i 2019.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Ass. rådmann orienterte.

I denne saka vart det og orientert om tertialrapporten.

Tilleggs-/endringsframlegg frå Eirik Haga, AP:

- *Summen til vegvedlikehald frå 1,2 mill. til 1,5 mill.*
 - *Det vert sett av kr. 200.000,- til «å støtta opp om dugnad i det offentlege rom og spleiselag med ideelle organisasjonar.»*
- kr 4.384.955 til disposisjonsfond for bruk til finansiering av investeringar i 2019.*

Formannskapet bad om ei orientering om bruk av løvvde midlar til asfaltering

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

Framlegget frå Eirik Haga vart samråystes vedteke.

FPØ - sak 43/2018 Tilråding:

Vaksdal kommunestyre godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2017 med eit mindreforbruk/overskot på kr 8.384.955,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2017 for Vaksdal kommune.

Mindreforbruket på drifta, kr 8.384.955 vert disponert som følgjer:

- kr 1,4 mill til rassikring utområde Stanghelle skule
- kr 0,9 mill til trafikksikring skuleveg Stanghelle
- kr 1,5 mill til vegvedlikehald/asfaltering
- det vert sett av kr. 200.000 til «å støtta opp om dugnad i det offentlege rom og spleiselag med ideelle organisasjonar»
- kr 4.384.955 til disposisjonsfond for bruk til finansiering av investeringar i 2019.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

1. Årsrapport frå interkommunal legevakt og evaluering av legevakt frå Vaksdal kommune vert lagt fram som eigne saker i Levekårsutvalet.
2. Tilstandsrapport for grunnskulen i Vaksdal vert handsama som eigen sak i levekårsutvalet. Kommunestyret ber levekårsutvalet ha særleg fokus på:
 - a) Stor auke i mobbing 7. trinn
 - b) Kva ny lærarnorm har å seie for skulane, og særskilt få ei vurdering på kva 10 årsverk færre med omtrent same elevtal har å seie mellom anna for spesialundervisning.

Røysting:

Det vart først røysta over formannskapet si tilråding, som vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Kjartan Haugsnes vart så samrøystes vedteke.

KOM - sak 36/2018 Vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2017 med eit mindreforbruk/overskot på kr 8.384.955,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2017 for Vaksdal kommune.

Mindreforbruket på drifta, kr 8.384.955 vert disponert som følgjer:

- kr 1,4 mill til rassikring utområde Stanghelle skule
- kr 0,9 mill til trafikksikring skuleveg Stanghelle
- kr 1,5 mill til vegvedlikehald/asfaltering
- det vert sett av kr. 200.000 til «å støtta opp om dugnad i det offentlege rom og spleiselag med ideelle organisasjoner»
- kr 4.384.955 til disposisjonsfond for bruk til finansiering av investeringar i 2019.

1. Årsrapport frå interkommunal legevakt og evaluering av legevakt frå Vaksdal kommune vert lagt fram som eigne saker i Levekårsutvalet.

2. Tilstandsrapport for grunnskulen i Vaksdal vert handsama som eigen sak i levekårsutvalet.

Kommunestyret ber levekårsutvalet ha særleg fokus på:

- a) Stor auke i mobbing 7. trinn
- b) Kva ny lærarnorm har å seie for skulane, og særskilt få ei vurdering på kva 10 årsverk færre med omtrent same elevtal har å seie mellom anna for spesialundervisning.

UTDRAG FRÅ MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET 25.06.2018

37/2018: TERTIALRAPPORTERING 1 - 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport 1. vert godkjent slik den ligg føre.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar på driftsbudsjettet for 2018:

- Kr 125.000 til lagring av Dyvikabåtane i skutenaustet på Kvamsholmen vert finansiert av kulturmidlar kr 116.755 og rest over ordinær ramme om det ikkje vert innvilga eksterne tilskot til formålet.

Det vert gjort følgjande løvvings- og budsjettendringar på kapitalbudsjettet for 2018:

- Kr 350.000 til granulat-tiltak på Vaksdal Idrettspark vert finansiert av bundne investeringsfond kto 2.555400 Idrettsanlegg
- Kr 33.000.000 til auka kostnadsramme Prosjekt ny skule på Dale for 2018 vert finansiert med auka låneopptak i 2018.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Magne Hestad bar om at oversyn over vikarbruken vart lagt fram til behandlinga i kommunestyret.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 52/2018 Tilråding:

Tertialrapport 1. vert godkjent slik den ligg føre.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar på driftsbudsjettet for 2018:

- Kr 125.000 til lagring av Dyvikabåtane i skutenaustet på Kvamsholmen vert finansiert av kulturmidlar kr 116.755 og rest over ordinær ramme om det ikkje vert innvilga eksterne tilskot til formålet.

Det vert gjort følgjande løvvings- og budsjettendringar på kapitalbudsjettet for 2018:

- Kr 350.000 til granulat- tiltak på Vaksdal Idrettspark vert finansiert av bundne investeringsfond kto 2.555400 Idrettsanlegg
- Kr 33.000.000 til auka kostnadsramme Prosjekt ny skule på Dale for 2018 vert finansiert med auka låneopptak i 2018.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Magne Hestad etterlyste oversikt over vikarbruken som han bad om i formannskapsmøtet 04.06.18. Rådmannen svarte og opplyste om at dette vil bli lagt fram til tertial 2.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 37/2018 Vedtak:

Tertiairrapport 1. vert godkjent slik den ligg føre.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar på driftsbudsjettet for 2018:

-Kr 125.000 til lagring av Dyvikabåtane i skutenaustet på Kvamsholmen vert finansiert av kulturmidlar kr 116.755 og rest over ordinær ramme om det ikkje vert innvilga eksterne tilskot til formålet.

Det vert gjort følgjande løyvings- og budsjettendringar på kapitalbudsjettet for 2018:

-Kr 350.000 til granulat- tiltakpå Vaksdal Idrettspark vert finansiert av bundne investeringsfond kto 2.555400 Idrettsanlegg

-Kr 33.000.000 til auka kostnadsramme Prosjekt ny skule på Dale for 2018 vert finansiert med auka låneopptak i 2018.

UTDRAG FRÅ MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET 25.06.2018

47/2018: SLIK FUNGERER KOMMUNESTYRET BEST - OPPFØLGING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Slik fungerer kommunestyret best er å rekne som køyreregler for folkevalte og administrasjonen. Gjennom denne sakavert dessse køyrereglane oppdatert med følgjande tillegg:

Årshjul:

- Årshjul for politiske saker tar i seg opplæringsprogram, samt årleg evaluering av køyrereglane

Rapportering frå rådmannen til kommunestyret, formannskap og politiske utval:

- Tempoplan for politiske saker som referatsak til kvart møte
- Restanseliste som sak til kommunestyret

Sakshandsaming fram mot politiske avgjørder:

- Rutinar for sakshandsaming for ulike typer saker som skal til politisk handsaming
 - Ordinære vedtakssaker
 - Handlingsprogram/økonomiplan og budsjett
 - Plansaker
 - Tildelingssaker/Tilskuddssaker
 - Prosesssaker/Prosjektsaker
 - Tjenesteutviklingssaker/kvalitetssikringssaker
 - Høringssaker,
 - Drøftingssaker
 - Orienteringssaker

Informasjon/kommunikasjon og innbyggjarmedverknad:

- Rutine for innbyggjarmedverknad
- Kommunikasjons- og informasjonsstrategi (eige sak)
- Informasjon om politiske saker skjer via kommunens heimeside og facebook. Som hovudregel vert det informert om vedtak snarast råd etter at protokollen for møtet er ferdig godkjent. Kommunen refererer sakstittel, kort om saka og vedtaket.
- Informasjon er ein del av vurderingane som skal gjerast for politiske saker.

Rolleforståing folkevalte og administrasjonen:

- Etisk kompetanseprogram for folkevalte og administrasjon
- Felles opplæring i ny kommunelov og arbeid med forvaltningslov
- Vurdere bruk av politisk saksordførar for prosesssaker
- Etablere eit evalueringsutval for store saker som går over tid

Ombodsutvalet 28.05.2018

Behandling: Rådmannen orienterte.
Samråystes vedtak.

OMB - sak 08/2018 Tilråding:

Slik fungerer kommunestyret best er å rekne som køyreregler for folkevalte og administrasjonen. Gjennom denne sakavert dessse køyrereglane oppdatert med følgjande tillegg:

Årshjul:

- Årshjul for politiske saker tar i seg opplæringsprogram, samt årleg evaluering av køyreglene

Rapportering frå rådmannen til kommunestyret, formannskap og politiske utval:

- Tempoplan for politiske saker som referatsak til kvart møte
- Restanseliste som sak til kommunestyret

Sakshandsaming fram mot politiske avgjerder:

- Rutinar for sakshandsaming for ulike typer saker som skal til politisk handsaming
 - Ordinære vedtakssaker
 - Handlingsprogram/økonomiplan og budsjett
 - Plansaker
 - Tildelingssaker/Tilskuddssaker
 - Prosessaker/Prosjektsaker
 - Tjenesteutviklingssaker/kvalitetssikringssaker
 - Høringssaker,
 - Drøftingssaker
 - Orienteringssaker

Informasjon/kommunikasjon og innbyggjarmedverknad:

- Rutine for innbyggjarmedverknad
- Kommunikasjons- og informasjonsstrategi (eige sak)
- Informasjon om politiske saker skjer via kommunens heimeside og facebook. Som hovudregel vert det informert om vedtak snarast råd etter at protokollen for møtet er ferdig godkjent. Kommunen refererer sakstittel, kort om saka og vedtaket.
- Informasjon er ein del av vurderingane som skal gjerast for politiske saker.

Rolleforståing folkevalte og administrasjonen:

- Etisk kompetanseprogram for folkevalte og administrasjon
- Felles opplæring i ny kommunelov og arbeid med forvaltningslov
- Vurdere bruk av politisk saksordførar for prosessaker
- Etablere eit evalueringsutval for store saker som går over tid

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Leiar i ombodsutvalet orienterte.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 47/2018 Vedtak:

Slik fungerer kommunestyret best er å rekne som køyregler for folkevalte og administrasjonen. Gjennom denne saka vert dessse køyreglene oppdatert med følgjande tillegg:

Årshjul:

- Årshjul for politiske saker tar i seg opplæringsprogram, samt årleg evaluering av køyreglene

Rapportering frå rådmannen til kommunestyret, formannskap og politiske utval:

- Tempoplan for politiske saker som referatsak til kvart møte
- Restanseliste som sak til kommunestyret

Sakshandsaming fram mot politiske avgjerder:

- Rutinar for sakshandsaming for ulike typer saker som skal til politisk handsaming

- Ordinære vedtakssaker
- Handlingsprogram/økonomiplan og budsjett
- Plansaker
- Tildelingssaker/Tilskuddssaker
- Prosessaker/Prosjektsaker
- Tjenesteutviklingssaker/kvalitetssikringssaker
- Höringssaker,
- Drøftingssaker
- Orienteringssaker

Informasjon/kommunikasjon og innbyggjarmedverknad:

- Rutine for innbyggjarmedverknad
- Kommunikasjons- og informasjonsstrategi (eige sak)
- Informasjon om politiske saker skjer via kommunens heimeside og facebook. Som hovudregel vert det informert om vedtak snarast råd etter at protokollen for møtet er ferdig godkjent. Kommunen refererer sakstittel, kort om saka og vedtaket.
- Informasjon er ein del av vurderingane som skal gjerast for politiske saker.

Rolleforståing folkevalte og administrasjonen:

- Etisk kompetanseprogram for folkevalte og administrasjon
- Felles opplæring i ny kommunelov og arbeid med forvaltningslov
- Vurdere bruk av politisk saksordførar for prosessaker
- Etablere eit evalueringsutval for store saker som går over tid

Ansvær	Column1	Teneste	Column2	Konto	Column3	Regnskap pr	Årsbudsjett 2018
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	10500	ANNA LØN OG TREKKPLIKTIGE G	340	0
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	10801	GODTGJØRELSE FOLKEVALDE	0	37 440
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	10990	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	48	5 279
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	11001	AVISER/FAGLITTERATUR	8 559	12 000
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	11151	SERVERING MØTE/KURS	2 555	10 000
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	11500	OPPLÆRING, KURSUTGIFTER IKK.	37 951	45 000
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	11600	SKYSS/KOSTGODTGJERSLE OPPG	450	21 000
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	11700	KJØP AV TRANSPORTTJENESTER	3 416	0
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	11701	TRANSPORT/DRIFT AV EIGNE TR/	0	1 000
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	11702	REISEUTGIFTER ETTER REKNING	240	0
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	11952	KONTINGENTER	3 500	3 500
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	12700	KONSULENTTJENESTER IKKJE OP	275 963	510 000
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	13300	TENESTEKJØP FRÅ FYLKESKOMM	67 275	0
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	13500	TENESTEKJØP FRA ANDRE KOMM	0	126 000
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	13701	DRIFTSAVTALAR/DRIFTSTILSKOT	0	50 000
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	14290	MOMSKOMPENSASJON	87 543	184 580
1000	KOMMUNESTYRE OG FC 1100		KONTROLL OG REVISJON	17290	MOMSKOMPENSASJON	-87 543	-184 580
						400 297	821 219

Fra: Anne-Karin Femanger Pettersen <anne-karin@fkt.no>

Sendt: 13. juni 2018 11:04

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>

Kopi: benedikte.vonen@temark.no; Roald Breistein <Roald.Breistein@hfk.no>; dag@lunderobertsen.no; einar.ulla@sfj.no; john.helge.andersen@gmail.com; sissel.mietinen@ffk.no; Liv Tronstad <Liv.Tronstad@konsek.no>; Terje Engvik <terje.engvik@eninvest.net>; ivar.mork@outlook.com; fmhemagi@fylkesmannen.no

Emne: FKT- Veileder Sekretariat for kontrollutvalg



Til FKTs medlemmer og deltagere på FKTs fagkonferanse 29.-30. mai

FKT sender med dette ut veileder «**Sekretariat for kontrollutvalg**» til alle våre medlemmer og til deltakerne på fagkonferansen i slutten av mai.

[Veilederen kan lastes ned fra våre hjemmesider her](#)

Veilederen er blitt til på bakgrunn av at vi vet at det er store variasjoner mellom sekretariatene både når det gjelder hvor mye tid som benyttes på kontrollutvalgene og hvilke oppgaver som utføres. Det er en utfordring at kontrollutvalgene mangler sammenligningsgrunnlag, og at det i utgangspunktet kan være vanskelig å vite hva som kan og bør forventes av sekretariatene.

Tusen takk for mange gode innspill fra dere i høringsrunden! Alle innspillene er vurdert og de fleste er tatt hensyn til. Nå håper vi at veilederen kan bli et godt redskap både for kontrollutvalg og sekretariat.

God sommer !



Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post: fkt@fkt.no | Tlf.: 41471166

|www.fkt.no | www.twitter.com/@FKT_no www.facebook.com/FKT.no/

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033

Arkivnr: 2017/47-10

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	43/18	05.09.2018

Gjennomgang av møteprotokollar

Bakgrunn

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Vaksdal kommune. Møteprotokollane kan lastast ned frå heimesida til kommunen. Kontrollutvalet kan be om nærmere informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særlig interesse i protokollane.

I møte i kontrollutvalet 09.05.2017 blei det gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Boris Groth
Formannskapet	Odd Jørn Oldervik og Bjørg Aase Nottveit Hop
Levekårsutvalet	Bente Sundheim og Terje Davidsen

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteprotokollane:

- Kommunestyret 25.06.18
- Formannskap/plan- og økonomiutvalet 07.05.18, 04.06.18 og 03.09.18
- Levekårsutvalet 11.06.18

Møteprotokollane kan lastas ned frå heimesida til kommunen,

<http://innsyn.sing.no/Vaksdal/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

PS 44/18 Eventuelt